

«Les Misérables» er godt i rute!

Håvard Hammarstrøm

Så langt er det seld over 2.000 billetter til Bømlo Musikal Laug sin oppsetnad av "Les Misérables". Regissør Amelie Nilssen seier til at BØMLO-nytt at ein er godt i rute med førebuingane til der som skal gå føre seg i Moster Amfi i byrjinga av august.

- Alt i alt ligg me veldig godt an, og me ser kor me må leggja inn ein ekstra innsats. Nokre er kan hende litt overraska over kor mykje arbeid som skal til, men stykket legg opp til at mange skal arbeida sjølvstendig, og at alle gjer heimeleksene sine. Me har sett ein fokus og ein entusiasme som ligg over det me hadde venta på førehand, seier regissør for "Les Misérables", Amalie Nilssen. Ho fortel at det no blir gjennomført øvingar på mange plan.

Både skodespelarar, kor og musikarar er i sving med øvingar, og Nilssen seier alt skal vera øvd inn før turen går vidar til amfiet. Sjølve regien må imidlertid føregå der, i sjølv amfiet.

- Dette er ikkje noko ein kan øve inn i ein gymsal, forklarar Nilssen. Ho legg til at ho er imponert over kva ein får til i Bømlo Musikal Laug. Lauget har amatørar som gjennomfører ein jobb som er ikkje veit om profesjonelle hadde gjort betre. Dei som er med må jobbe mykje for å få dette til, men samstundes trur eg dei har det kjekt når dei gjer sitt ytterste for å få dette til. Det er mykje arbeid som blir lagt ned, både mellom skodespelarar, dei som syng, dei som lagar kulisser, og ikkje minst mellom dei som lager kostyme, seier ho, før ho trekk på smilebandet:

- Eg håper mange har fått høyre om "galningane" på Bømlo som er i ferd med å setje opp "Les Misérables". Det er mange før oss som har slått seg konkurs på akkurat dett stykket. Eg har likevel tru på at dette skal gå veldig bra. Eg tykkjer "Les Misérables" er ei fantastisk historie, og eg håper me kan gje dei som kjem gode opplevingar. Eg blir framleis rørt når eg høyrer historia, seier Nilssen.

Skrekkblanda fryd

Musikalsk leiar Hans-Gunnar Skreslett seier han gler seg til framføringane i Moster Amfi. Han legg til at dette er noko han går til med skrekkblanda fryd.

- Eg har vore til stades her denne helga i samband med øvingane til solistane. Som musikalsk leiar skal eg skaffe musikarar, og innan utgongen av juli skal heile orkesteret vere på plass. Eg skal vera med på å korrdinere solistar, kor og orkester. Dette er ei oppgåve eg gler meg til, seier Skreslett.